



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

## Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd

Dato / tid: torsdag 25. april 2023 kl.16.30

Stad: Tingvang

Møtt: Eirik Mørstad Bråthen, Jostein Sørensen, Margit Onstad (ingen vara kunne stille)

Ikkje møtt: Ingrid Stalenget, Erlend Aasan

## Sak 23/05 - Avvikling av ordninga for forhandlingsmøtet og ombudsjettering av midlane til ungdomsdemokrati

### Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet vedtok i desember 2022 nye føringar for forhandlingsmøtet. Endringane var eit forsøk for å rigge ei ny ordning som kunne sikre god bruk av midlane, og ein god prosess for medverknad blant born og unge i kommunen. Prosessen og forhandlingsmøtet var i korte trekk meint å gje born og unge reell medverknad på små og større tiltak som angår dei sjølv i kommunen.

Innkalling til årets møte vart sendt ut før vinterferien, med ynskje om tilbakemelding frå skulane med påmelding innan 12.mars. Ingen av skulane responderte innan fristen.

Etter vurderingar og samtaler med rektorane, kultursjef og kommunalsjef, tilrår administrasjonen at ordninga med forhandlingsmøtet vert avvikla frå 2023. Ordninga er originalt sett basert på eit større prosjekt med rausare budsjett og rammer enn det me har i dag. På bakgrunn i dette, at forhandlingsmøta ikkje har fingert på nokre år, og at skulane ikkje ser kapasiteten til å gjennomføre dei prosessane for medverknad som forhandlingsmøtet krev, tilrår administrasjonen at tiltaket vert avvikla.

### Alternativ bruk av midlane til ungdomsdemokrati

Det er viktig for kommunen å legge opp til gode prosessar som fører til reell medverknad blant born og unge og deira oppvekstvilkår.

For å styrke det lokale elevrådsarbeidet, tilrår administrasjonen at potten på 64 000 kr fordelast slik:

Kvart elevråd får 10.000 kr som ein årleg budsjettpost til inkluderings- og trivselstiltak på skulane. Dette vil styrke elevrådsarbeidet, og gje dei høve til å prioritere og fatte vedtak om bruk av midlar, basert på innspel frå elevane på skulen. Dette medfører ei varig budsjettendring.



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Dei øvrige 34 000 kronene skal nyttast til tilrettelegging, kurs og prosessar som omhandlar medverkingsarbeid for born- og unge i kommunen. Ungdomsrådet skal vere delaktig i prosessen knytt til bruken av midlane, eller fatte vedtak som tillét bruk av midlane til det aktuelle tiltaket.

Det er ynskjeleg at resultatet av medverknadsprosessen knytt til ungdomsrådsmidlane vert rapportert til formannskapet og evt. kommunestyret i form av rapportar som beskriv kva som opptek ungdom i kommunen, eller innspel til arbeidet med kommunens økonomiplan.

Forslaget til administrasjonen vart lagt fram for formannskapet av kommunaldirektøren, 27.04.22. Formannskapet hadde ingen merknadar til forslaget.

## Vedtak:

Ungdomsrådet støttar forslaget frå administrasjonen.

Ungdomsrådet tilrår at kvart elevråd får ein årleg budsjettpost på 10.000 kr til demokratiske aktivitets- og miljøtiltak ved skulane.

Ungdomsrådet tilrår at ungdomsrådet beheld sin budsjettpost på 34.000 kr til gode tiltak for born og unge i kommunen.

## Sak 23/06 - Uttale – Bustadbygging i Heranglie

### Bakgrunn for saka:

Brev frå Astrid Rogne, datert 13.04.24

« Øystre Slidre kommune er godt i gang med tilrettelegging av infrastruktur i bustadfeltet Heranglie og tilbyr sal av kommunale bustadtomter. Bustadfeltet skal vere byggeklart frå seinsumaren/hausten 2023.

Feltet består av 31 tomter, der 27 av desse vert lagt ut på marknaden som sjølveigartomter for einebustadar, Nokre av desse er tenkt for fleirbustadar, eller leilegheitsbygg.

Øystre Slidre kommune vil invitere private utbyggjarar til eit samarbeid når det gjeld fleirbustadar og/eller leilegheitsbygg. Prosjektgruppa for «Bolig for velferd» skal koma med innspel og vi vil gjerne invitere dykk til å koma med forslag til kva de ser for dykk når det gjeld fleirbustadar og/eller leilegheitsbygg.»

Innspel frå ungdomsrådet:



# Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Mørstad Bråthen  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet tykkjer dette er ei vanskeleg sak for dei å sette seg inn i, på bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg i høyringsbrevet og den korte svarfristen. Ungdomsrådet syntest også dette er utfordrande å uttale seg om, for dei som er i aldersgruppa 15-17 år.

Ungdomsrådet ser at leilegheitsbygg kan vere attraktivt for unge tilbakeflyttrar, som enklare bygg å rå over. Leilegheiter kan og vere bra for unge vaksne som ynskjer å koma segg inn på bustadmarknaden.

## Sak 23/07 - Bruk av midlar til medverkingsarbeid

### Bakgrunn for saka:

I evaluering av klubbtilbodet i Gapahuken, har dei tilsette ved ungdomsklubben kome fram til at ungdomsmedverknad er eit tema dei ynskjer å bli betre på. Det vert difor lagt opp til eit arbeid med dette, der målet er å kartlegge korleis klubben driv medverking kring innhald og tilbod i dag, og kva tiltak som evt kan gjere oss betre på dette.

Klubbleiinga ynskjer å arrangere eit kurs i medverking i regi av Ungdom og Fritid (landsorganisasjonen for fritidsklubbar), som er spesielt retta inn mot denne tematikken. Kurset skal vere både for dei tilsette og klubbungdom, der me saman skal finne vårt forbetningspotensiale. Det kan vere aktuelt å involvere andre frå kommuneadministrasjonen og skulane.

Kurset kostar om lag 15.000 kr. Ungdomskonsulenten lurar på om ungdomsrådet er interessert i å nytte av sine midlar til å betale heile eller delar av dette kurset med sine midlar.

### Vedtak:

Ungdomsrådet tykkjer dette er eit godt tiltak, men ynskjer å vite litt meir om opplegget rundt, korleis det skal gjennomførast og evt. når det kan gjennomførast før dei tek stilling til å evt. dekke kostnaden.

Ungdomskonsulenten får i oppgåve å lage ein gjennomføringsplan, og legge denne fram for ungdomsrådet i neste møte.

Skrivar  
Øystein Skattebu